



# IHM

# info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer - Januar 2002

## Innsamling av plastemballasje: **NO ER ME I GANG!**

### ***Kvifor kjeldesortere plast?***

Har du tenkt på kor mykje plastemballasje du kastar? Nesten alt me kjøper i butikken er pakka i ei eller anna form for plast - dette gjeld både matvarer, møblar, leiker og klede. Til og med aviser og blad kjem stadig oftare innpakka i plast. Dersom du sorterar ut plast som påleggsboksar, yoghurtbeger, såpeflasker og plastfolie, vil du sjå kor lite som vert att i restavfallsdunken.

Kvart år brukar me 100 000 tonn plastemballasje i Noreg. Halvparten av dette endar i hushalda. Ein stor del av plastemballasjen kan verte brukt på nytt dersom me er flinke til å kjeldesortere og levere plasten til gjenvinning.

Plasten frå hushalda i våre kommunar vert samla på Bjørkemoen, før den vert transportert til Norsk Gjenvinning sitt anlegg på Sotra for sortering og pressing. Plast av god kvalitet vert materialgjenvunne og får nytt liv som møblar, leiker, fleecyklede, bereposar, avfallssekker o.s.b. Den dårlegaste plasten vert energiutnytta som brensel i industrien der den erstattar fossile brennstoff.

Tenkjer me miljø- og ressursar, bør ein størst mogeleg del av plastemballasjen verte materialgjenvunne. Slik sparar me både ressursar og energi. Det skal omlag 2 kg olje til for å lage 1 kg plast. Ved materialgjenvinning vert begge kilo teke vare på, medan ein ved forbrenning maksimalt kan gjenvinne 1 kg.

Auka materialgjenvinning vil også redusere dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved deponering av plast. Gjenvinningsordninga vert finansiert ved at alle bedrifter betalar vederlag for den plastemballasjen dei nyttar.

I tillegg til dei gode grunnene for å kjeldesortere som er nemnde her, kan kjeldesortering av plastemballasje kanskje vere det som skal til for at du skal kunne redusere hentefrekvensen på restavfallstøminga og oppnå lågare avfallsgebyr!



### ***Slik gjer me det: sjå midtsidene***



**Indre Hordaland  
Miljøverk**

er eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming.

Adresse: Postboks 161  
5701 Voss

Kontor: Vangsgata 22B  
5700 Voss

Telefon: 56 52 99 00  
Telefax: 56 52 99 01

E-post: ihm@ihm.no  
Heimeside: www.ihm.no

Min lørdag er

FEBRUAR		
1	Fre	11 9-10
2	Laur	
3	Sun	
4	Mån	2 13-14
5	Tys	4 15-16
6	Ons	6 17-18
7	Tor	8 19-20
8	Fre	10 11-12
9	Laur	
10	Sun	
11	Mån	14 1-2
12	Tys	16 3-4
13	Ons	18 5-6
14	Tor	20 7-8
15	Fre	12 9-10
16	Laur	
17	Sun	
18	Mån	1 13-14
19	Tys	3 15-16
20	Ons	5 17-18
21	Tor	7 19-20
22	Fre	9 11-12
23	Laur	
24	Sun	
25	Mån	13 1-2
26	Tys	15 3-4
27	Ons	17 5-6
28	Tors	19 7-8

- Frå fredag 1. februar 2002 startar me utdeling av ein rull med 12 plastsekker til kvart hushald.

- Rullen med plastsekker vert lagt oppi papirdunken (den blå) etter at den er tømt. Til rullen er det festa ei informasjonsbrosjyre som fortel korleis du skal bruke gjenvinningsordninga for plastemballasje.



- Først ute er rute 11, som får papirdunken tømt fredag 1. februar. Dei andre rutene følgjer etter som vist på tømekalendaren. Set difor fram papirdunken for tøming i februar sjølv om den ikkje er full, og sjå vél oppi dunken når den er tømt!

- Straks du har fått rullen med plastsekker, kan du starte oppsamling av plastemballasje i sekken.



- På kvar sekk står det også kva du kan ha oppi sekken, og kva du ikkje kan ha med. Hugs, plasten skal liggje laus oppi sekken, ikkje i bereposar!

## PLASTEMBALLASJE 125 liter

+

### Dette skal i sekken:

- Plastflasker
- Plastkanner
- Plastøskjer og -boksar
- Plastbeger
- Folie og bereposar

÷

### Dette skal ikkje i sekken:

- Plastflasker/-kanner det har vore spesialavfall på
- Tilgrisa plast
- Plast som ikkje er emballasje (leiker, hagemøblar, kulepennar)

### NB !

- Hugs å skru av alle korkar - korkane går i sekken saman med emballasjen!
- Tilgrisa plast må skyljast og tørkast
- Dersom det let seg gjere skal papir, metallkorkar og anna materiale skiljast frå plasten
- Etikettar som er limt fast kan vere på
- **SEKKEN VERT SETT UT SAMAN MED PAPIRDUNKEN FØR KL. 07.00 HENTEDAGEN**



**Indre Hordaland  
Miljøverk**

- Når plastsekken er full, set du den fram for henting saman med papirdunken.
- Dersom sekken ikkje er full, vent til neste papirhenting. Me vil helst ha fulle sekker.
- Sekken kan sjølvsagt setjast fram sjølv om du ikkje har tenkt å tømme papirdunken. Men det må vere den dagen papiret på di rute vert henta.



**MARS**

1	Fre	11	9-10
2	Laur		
3	Sun		
4	Mán	2	13-14
5	Tys	4	15-16
6	Ons	6	17-18
7	Tor	8	19-20
8	Fre	10	11-12
9	Laur		
10	Sun		
11	Mán	14	1-2
12	Tys	16	3-4
13	Ons	18	5-6
14	Tor	20	7-8
15	Fre	12	9-10
16	Laur		
17	Sun		
18	Mán	1	13-14
19	Tys	3	15-16
20	Ons	5	17-18
21	Tor	7	19-20
22	Fre	9	11-12
23	Laur		
24	Sun		
25	Mán	13-19	1-2-7
26	Tys	15	3-4-8-9
27	Ons	11-17	5-6-10
28	Tor		
29	Fre		
30	Laur		
31	Sun		

- **Første innsamlingsdag er fredag 1. mars.** Igjen er rute 11 først. Sidan følgjer dei andre rutene som ved utdelinga av sekker (sjå tømekalender).
- Du har fått 12 sekker, ein til kvar månad. For nokon vert det sikkert for mange, for andre vert det for få.
- Dersom du ikkje har fått rull med sekker, kan du få det på teknisk etat i kommunen din eller hos IHM. Går du tom for sekker mot slutten av året kan du også få fleire sekker her.

- I februar til neste år får du ny rull med plastsekker.



**Har du spørsmål ring IHM, tlf. 56 52 99 00.**

*Lukke til - og takk for din innsats for eit betre miljø.*

# Papirposar er best til matavfall

Det er utvikla «nedbrytbare» posar laga av mais/ris som kan brukast til å samle matavfall i. Desse posane har no vore til sals i ein del butikkar ei tid. Me meiner at desse posane er ei dårleg erstatning for papirposane. Det er lett å forveksle posane av mais/ris med vanlege plastposar, og er det noko me ikkje ønskjer så er det plast i bioavfallet! Dette reduserer

kvaliteten på den ferdige komposten, og dessuten valdar det problem for utstyret i komposteringsprosessen.

Posar laga av mais/ris inneheld ein stor del plastfiber som kjem frå olje som er ein ikkje-fornybar ressurs. Dessuten meiner me at mais og ris bør brukast til mat. Papir kjem frå tre som er ein fornybar ressurs.

## Drikkekartonglotteriet held fram

Me minner om at trekkinga i drikkekartonglotteriet held fram. Men no er det ikkje eige namn som skal skrivast på, men namnet på den barneskulen som ligg hjertet eller nærmiljøet nærast. Det nye lotteriet, «skulelotteriet», gjev skulen høve til

å vere med i trekking av nytt datautstyr til ein verdi på om lag 15 000 kroner. Som tidlegare er drikkekartongane frå vår region med i trekkinga ved Norsk Gjenvinning sitt anlegg på Sotra.

## Papirsortering som før

Papp- og papirsortering har vore i media sitt søkelys etter at våre kollegaer i Bergens-regionen endra sine sorteringsrutinar i fjor haust.

IHM har ikkje endra sine rutinar, og vil halde fram med å gjere denne sorteringsjobben for brukarane. Den blå dunken er til papir, papp og drikkekartong.

Dersom du ikkje får plass til pappen oppi dunken, ber me om at den vert bretta saman, bunta for seg og sett ved sida av dunken.

Drikkekartong kan leggast i ein berepose som du legg på toppen av dunken.

## Kvar står glascontainerane?

### Container for glas- og metallemballasje

<b>Eidfjord</b>	Eidfjord sentrum og Øvre Eidfjord
<b>Jondal</b>	Jondal sentrum, Herand, Kysnes ved butikken, Torsnes ved kryss ned til kaien.
<b>Granvin</b>	Eide ved Samvirkelaget Øvre Granvin ved butikken
<b>Ullevang</b>	Kinsarvik på biloppstillingsplass på ferjekaien Lofthus, Hovland, Nå, Velure, Utne og Djonno
<b>Ulvik</b>	Brakanes, 2 stk
<b>Voss</b>	Bolstadøyri ved butikken Evanger ved kryss Teigdalsvegen Bulken på jernbanestasjonen Vangen bak MEGA Vangen bak Idrettshallen Bordalen ved butikken Oppheim ved Bua Vinje ved Handelslaget Skulestadmo ved S-Marked Skulestadmo ved Super Spar Voss Palmafossen ved Kiwi Dalsleitet ved SparMat Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg

*I containerane kan du leggje klart og farga glas og metallemballasje. Men ikkje porselen, keramikk og knuste glastruter.*

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



ULLEVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



VOSS  
KOMMUNE